

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Teams

MØTETIDSPUNKT: 21.04. 2021, KL. 0900 - 1230

Styremøte var ope for publikum og presse på Teams

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 036/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse på Teams.

Det var eit nytt punkt på AD si orientering:

8. Vår nye arbeidsplass – Lokalisering

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Oppdatert tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 037/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 24.03. 2021

Oppsummering

Protokollen blei oppdatert under skriv og meldingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 24.03.2021.

Sak 038/21 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

Spesialisthelsetenesta har framleis godt oversyn med og god kontroll med dei fem avgjerande faktorane som set tenestene i stand til å yte forsvarleg helsehjelp både til normal drift, og til korona-sjuka: personell, smittevernutstyr, test/analyse, medikament og medisinsk teknisk utstyr (respiratorar). Det har dei siste vekene vore ein krevjande situasjon med infusjonssett med usikker dokumentasjon, men situasjonen er i stor grad løyst, og det er ikkje funne uheldige resultat av bruken av utstyret.

All den tid det kontinuerleg er større og mindre utbrot i regionen er det grunn til å halde fram med dei generelle tiltaka innan smittevern. Det er framleis forlenga ventetid for nokre pasientar etter ein forholdsvis lang periode med redusert drift. Tiltaka som skal hindre spreiding av smitte på sjukehusa medfører auka bruk av ressursar, og noko redusert drift.

Uavhengig av kor stort smittetrykket er, må føretaka kontinuerleg ha stort fokus på og beredskap for handsaming av mistenkte og stadfesta smitta pasientar. Dette har kontinuerleg innverknad på den totale drifta, all den tid smitteverntiltak krev tid og ressursar. Føretaka er godt førebudd på variasjonar i tal pasientar med covid-19 gjennom beredskapsplanane.

Om lag 60% av medarbeidarar i sjukehusa er vaksinert med første dose og om lag 15 % er fullvaksinerte.

6. Nasjonal sikkerheitspsykiatrisk og rettspsykiatrisk eining for barn og ungdom i Helse Bergen

Barn og ungdom under 18 år skal så langt det er mogleg skjermast frå vaksne innlagde, og ha eit aldersadekvat og tilpassa skule- og aktivitetstilbod. Dette gjeld og ungdom som er tiltalt for alvorleg kriminalitet, og som er i behov av spesialisthelseteneste. Det finns per i dag i Noreg ikkje eit egna døgntilbod for desse ungdommane i psykisk helsevern.

Det sikkerhets- og rettspsykiatriske fagmiljøet i Helse Bergen har dei siste 10 åra fått erfaring med, og opparbeidd seg kompetanse på psykisk sjuke ungdom med kriminell åtferd.

For å sikre at denne sårbare gruppa får eit forsvarleg helsetilbod, har Helse Vest søkt Helsedirektoratet om å bli ei nasjonal sikkerheitspsykiatrisk- og rettspsykiatrisk eining for barn og ungdom lokalisert i Bergen. Saka har fått støtte frå dei andre regionane. Søknaden blei sendt inn 15. januar, som er fristen for å søke på nasjonal behandlingsteneste. Det er Helsedirektoratet som mottar desse søknadene og som avgjer om det skal bli ein nasjonal behandlingsteneste. Helse Vest har per i dag ikkje fått noko tilbakemelding på søknaden.

7. Oppfølging av Stortingets behandling av Prop. 79 S (2020-2021)- vaksinasjon covid- 19 og psykisk helse blant barn og unge

Stortinget har bevilga økonomiske tiltak i møte med pandemien, her til vaksinasjon covid- 19, og til barn og unges psykiske helse- BUP.

Helse Vest har fått følgende:

Kap. 732, post 73 Basisbevilging Helse Vest RHF: 6,6 mill. kr (vaksinasjon)

Kap. 732 post 73 Basisbevilging Helse Vest RHF: 19 mill. kr (BUP)

Inntektsfordelingsmodellen blir til vanleg lagt til grunn når midlar blir fordelt til helseføretaka. Disse midlane er til spesifikke føremål, og inntektsfordelingsmodellen vil ikkje alltid være like treffande til desse føremåla.

Midlane på 6,6 mill. kroner til vaksinasjon er retta inn mot dei tilsette. Ved fordeling av desse midla er det vurdert slik at fordelinga som ligg i den totale inntektsmodellen for 2021 vil vere det beste grunnlaget. Dette gjer følgende fordeling:

Tal i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Auka basisramme - vaksinasjon	1 884	953	3 018	745	6 600

Midla på 19 mill. kroner er relatert til psykisk helsevern barn og unge. Denne delen av basisbevilginga blir fordelt etter barnebefolkninga som ligg som grunnlag i inntektsmodellen. Dette på grunn av at barnebefolkninga er relativt større nokre stader, som og vil gjere utslag på behandlingsapparatet si pågang. Dette gjer følgende fordeling av midla:

Tal i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Auka basisramme - BUP	6 707	3 078	7 429	1 786	19 000

Helse Vest skal innan 1. mai 2021 orientere departementet om bruken av midlane.

Helseføretaka vil bli bedne om å følge opp bruken av midlane etter Stortingets vedtak.

8. Vår nye arbeidsplass – Lokalisering

Leigeavtalen i Nådlandskroken 11 går ut i august 2024. I samband med det har Helse Vest RHF sett på alternative lokale i Stavanger sentrum.

Styret til vitande at administrasjonen arbeidar vidare med å innhente konkrete tilbod frå aktuelle konsept i Stavanger sentrum.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 039/21 Rapportering frå verksemda per februar 2021

Oppsummering

Målekort Helse Vest - 2021-feb		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	67	53		67	53	
	Ventetid - VOP	45	37	40		40	40	
	Ventetid - BUP	40	41	35		42	35	
	Ventetid - TSB	35	20	30		24	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid	8,90 %						
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		81 %				76 %		
Korridorpasienter somatikk		1,22 %		0		1,13 %		0
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	12 719	13 342	-4,7 %		26 000	27 724	-6,2 %
	Dagopphold	5 624	5 418	3,8 %		11 341	11 745	-3,4 %
	Poliklinikk	113 808	109 755	3,7 %		227 623	226 590	0,5 %
Psykiatri	Døgnopphold	800	884	-9,5 %		1 596	1 859	-14,1 %
	Dagopphold	58	90	-35,6 %		115	190	-39,5 %
	Poliklinikk	43 454	43 625	-0,4 %		84 687	82 993	2,0 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	115	105	9,5 %		224	207	8,2 %
	Dagopphold							
	Poliklinikk	8 727	9 608	-9,2 %		16 674	16 892	-1,3 %
Bemannings	Brutto månedsvek	23 530	22 707	3,6 %		23 504	22 705	3,5 %
	Sykefravær (forrige måned)	5,5 %	8,1 %	5,5 %		8,1 %	5,5 %	
Økonomi	Regnskap	130 154	Budsjett	66 792	Avvik	154 929	Budsjett	130 277
	Resultat							24 652

Resultatet på fleire helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19 pr. februar 2021.

Den samla aktiviteten innanfor somatikk er pr. februar lågare enn same tid i fjor. Nedgangen i døgnopphald er på -6,2% og dagopphald på -3,4%. Polikliniske konsultasjonar er 0,5% høgare enn same tid i fjor.

Aktiviteten innafor psykisk helsevern vaksne er lågare enn same periode i fjor, medan innanfor barn og unge som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn same periode i fjor.

Den polikliniske aktiviteten innanfor TSB er lågare enn same periode i fjor, medan aktiviteten innanfor døgnbehandling er høgare enn i fjor.

Ventetider for somatikk var i februar på 67 dagar som er 6 dagar høgare enn tilsvarande periode i fjor. Ventetider innan psykisk helsevern vaksne var på 37 dagar som er 4 dagar lågare enn same periode i fjor, og innanfor det regionale kravet på 40 dagar. Ventetider for psykisk helsevern for barn og unge var 41 dagar som er høgare enn målkravet på 35 dagar og 6 dagar høgare enn same periode i fjor. Ventetider for tverfagleg spesialisert rusbehandling låg på 20 dagar som er 6 dagar under målkravet på 30.

Prosentdel fristbrot er fortsatt høg, men har gått litt ned igjen i februar til 5,8%. Det er stor variasjon mellom føretaka og det er størst del fristbrot innanfor somatikken.

Resultatet pr. februar måned viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli om lag som budsjettert.

Til rapporteringa på pakkeforløp for kreft, ønskja styret rapportering som viser utviklinga over tid.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per februar 2021 til etterretning.

Spesielt framheva saker:

Sak 040/21 Årsoppgjer 2020

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 1 533 638 437 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 827 583 774 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på 246 051 109 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapet slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 581 532 665.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 2 804 235 010 kroner. Ordinære avskrivingar utgjør 1 275 888 482 kroner.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2020 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 444 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretak (millionar kroner):	2020	2019	2018
Helse Bergen HF	513,3	58,1	110,8
Helse Stavanger HF	218,0	78,4	76,6
Helse Fonna HF	116,7	31,6	41,5
Helse Førde HF	112,2	43,1	58,5
Sjukehusapoteka Vest HF	4,3	12,7	17,1
Helse Vest IKT AS	-8,1	8,4	-5,2
Helse Vest RHF	581,5	431,7	370,2
Helse Bergen Eiendom AS	-1,1	0	0
Tilknytt selskap	-3,1	-2,5	-1,6
Sum resultat	1 533,6	661,5	667,9

Resultatet frå føretaksgruppa er 1 089,6 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Før vedtak i sak 040/21 Årsoppgjer 2020, var det møte mellom revisor

Ellen Marvik og styret.

Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF kr 827 583 774 blir ført mot annan eigenkapital med kr 834 321 157, mens kr 6 737 383 blir overført frå fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 246 051 109. Årets overskot i Helse Vest føretaksgruppe kr 1 533 638 437 blir ført mot annan eigenkapital med kr 1 543 431 132, mens kr 9 792 695 blir ført frå fond for vurderingsforskjellar
2. Styret vedtar årsberetning med dei endringane som kjem fram i møtet.
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram mot føretaksmøtet.
4. Styret legg årsberetninga og årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2021. Jfr note 6 i årsrekneskapen

Interregionale saker:

Sak 041/21Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2020

Saka er felles for alle 4 RHF og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Spesialisthelsetjenesten har utarbeidet sin tredje felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blir lagt fram som felles styresak til orientering for styrene i de regionale helseforetakene.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Saker til orientering:

Sak 042/21 Rapportering på Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 i Helse Vest

Oppsummering

Ved styregodkjenning av *Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik* den 11. mars 2020, bad styret om ein årleg rapportering av status for tiltaka i planen.

- *Styret ber om ein årleg rapportering av kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet i Helse Vest som viser framdrift av tiltaka i planen*

Helse Vest RHF har bedt dei fire helseføretaka og Haraldsplass Diakonale sykehus om å rapportere på iverksetjing og operasjonalisering av planen. Til trass for pandemien er arbeidet med fleire tiltak godt i gong, og alle helseføretak har laga egne handlingsplaner basert på tiltaka i den regionale planen.

Tiltaka i planen er inndelt i fem kategoriar der nokre kategoriar, eksempelvis smittevern og legemiddel, har overlapping til andre regionale planverk, i tillegg til regionale prosjekt. De fem kategoriane er: standardisering, kompetanse og kultur, teknologi, målingar og monitorering og til sist; organisering og oppgåver.

I vedlegget til denne saka er det gjort kort greie for status for kvart av dei 36 tiltaka.

Til neste rapportering på planen ønskja styret fokus på risiko, mål og effekt av tiltak.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapportering av Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 til orientering.

Sak 043/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Det er fellesmøte mellom styret og RBU 16. juni. Innspel til tema på møtet kan sendast til Jan Oddvar Gjerde før RBU møtet 19. mai.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 044/21 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 - Referat frå møte i Regionalt brukarutval 29.01.2021
- Skriv 02 - Referat frå møte i Regionalt brukarutval 10.02.2021

- Skriv 03 - Brev til Helse Vest RHF frå Universitetet i Stavanger 17. mars 2021 – Oppsummering av saken om et mulig samarbeid om medisinerutdanning i Stavanger mellom UiS og UiB

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 21.04.2021 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
-----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Ingeborg Morken	Medlem
-----------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Sigurd Hille	Medlem
--------------	--------

Pernille Lysaker	Medlem
------------------	--------

Egil Olsen	Medlem
------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
---------------------------	--------

Marie Skontorp	Medlem
----------------	--------